

MENIGHETSBLADET

Helsing

TIL SAUHERAD OG NES

Nr. 5 – Desember 2021 – årgang 72





**Menighetsblad utgitt av
Sauherad og Nes sokneråd**
Helsing til Sauherad og Nes

Redaksjonskomité

Tora Skjerkholt Aarnes, Signe Vreim Østveit,
Tom Arne Møllerbråten, Hanna Nyborg
Storm, Anne-Inger Lunner

Forsidebilde

Musikkengelen sammen med Ylias,
Rufta og Ariam.
Foto: Signe Vreim Østveit

E-post helsing@sauherad.kyrkja.no

Bankgiro 2801.53.57039

Vippsnr til Helsing #632167

www.helsing.no

Facebook Sauherad og Nes kirke

Instagram kirken_i_sauheradognes

Design: Superlativ Media AS

Trykk: Erik Tanche Nilssen

INNHOLD

Helsing frå prosten	3
Biskopens juleandakt.....	4
Gvarv skole: Amfiet skaper harmon i skolehverdagen.....	5
Gud og naturvitenskap: Myten om fiendskap	8
Konfirmantjubileum	10
Forfattar Liv Holtskog (1934–2014).....	14
Sauheradsongen.....	17
Misjonsbasar: En kveld i håpets tegn.....	18
Formiddagstreff på Nes Menighetshus.....	19
Romjulstener i Bø kyrkje	20
Julekonsterter i Nes kyrkje	21
Tilbod til barn og unge i Midt-Telemark.....	22
- Jeg skal forsvare, verken dømme eller bedømme.....	26
Foredrag av Marit Werenskiolds om maleriet En Bondebegravelse.....	28
Bildeglimt.....	32
Snjokveld	34
Annonser	34
Slektens gang.....	42
Kontakt oss	43
Gudstjenester	44



HELSING FRÅ PROSTEN: BLIR DET EI TRADISJONELL JUL I ÅR?

Etter snart to år med pandemi dukkar spørsmålet opp: Blir det ei tradisjonell jul i år? For er det noko me i den vestlege verda er oppteken av, så er det jo at jula skal vere akkurat slik ho alltid har vore. Me skal ete det same som me alltid har gjort, me skal pynte i huset akkurat slik det alltid har vore til jul, og me skal delta på akkurat dei same arrangementa. I fjor vart det kluss for både julekonsertar og julegudstenester på grunn av denne pandemien. Men i år må me vel kunne få ei tradisjonell jul, tenkjer me. Ja, for er det noko jula må vere så er det tradisjonell.

Men kvifor er det slik? Kvifor må absolutt alt på død og liv alltid vera akkurat som før, nettopp i jula? Og stemmer det eigentleg, at jula er lik får år til år og alltid har vore slik? Dei eldste mellom oss vil nok kunne fortelje at jula var ganske annleis i deira barndom. Ikkje minst handla det om levestandard. Men nokre element har nok halde seg. Julematen er eit slikt element, og kyrkjegangen

er eit anna element. Men når det kjem til det siste, så skal ein ikkje meir enn nokre tiår tilbake så var juledag den store kyrkjedagen, medan den umerkeleg over nokre år vart flytt til julaften.

Så er det altså prova at jula kan endrast, utan at kjensla av tradisjon forsvinn. Sjølv tradisjonar treng fornying i ei ny tid om dei skal stå seg. Difor er det så viktig at me kjenner til kva som er kjernen i feiringa. For så lenge kjernen i feiringa er med, så kan innpakninga skifte med tidene. Men om kjernen skulle bli borte og innpakninga ta heilt over, så står heile tradisjonen i fare. Det skal meir enn ein pandemi til for å ta ifrå oss den tradisjonelle jula. Men kanskje var jula i fjor ei viktig påminning om å hugse på at det er kjernen i julefeiringa som sikrar at me kan halda fram med ei tradisjonell julefeiring som utviklar seg med oss. Og kjernen er sjølvsagt den same som han alltid har vore: Juleevangeliet!

Asgeir Sele, prost

BISKOPENS JULEANDAKT

*Ikkje Gud til filosofane
– men Gud som er nær!*

Den kjende naturvitskapsmannen og kristne filosofen Pascal skriv i dagboka si om ei hending som fekk stor betydning for han.

I nådens år 1654.

Måndag den 23. november, den heilage pave og martyr Clemens og andre martyrs fest ...

Frå omtrent halv elleve om kvelden til omtrent ein halv time etter midnatt.

Gud til Abraham, Gud til Isak, Gud til Jakob.

Ikkje Gud til filosofane og dei lærde.

Visse! Visse! Kjensle, glede, fred.

Jesu-Kristi Gud.

Din Gud er min Gud (Rut 1,16)

Kva var det Pascal oppdaga? Han oppdaga den store forskjellen det er på ein gud som berre er inne i hovudet til menneske, og på Gud til Abraham, Isak og Jakob som kjem inn i verda vår. Jolenatt kjem Gud så nær at vi kan sjå Gud. Ta på han, høyre stemma, ja, sjå korleis Gud er. Vi såg ein sårbar Gud, overlata i menneska sine hender og omsorg. Jola er det sterkaste beviset på at vi ikkje trur på ein gud som berre er inne i hovuda til filosofane og dei lærde. «Ordet vart menneske, og vi såg hans herlegdom», skriv Johannes.



Det var også ei anna viktig oppdaging Pascal gjorde. Det stoppar ikkje med at Gud kjem nær, det handlar også om ein relasjon mellom Gud og oss. «Din Gud er min Gud.» Gud blei menneske for å nå heilt inn til oss. Gjennom dåpen og trua på Jesus blir dette røyndom.

«Alle som tok imot han, dei gav han rett til bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» (Joh 1)

Då Pascal døydd, fann dei ein lapp sydd inn i frakken hans. Her hadde han sydd inn det som var aller viktigast i livet. På den lappen stod ikkje dei viktigaste formlane han hadde oppdaga, men orda han hadde skrive ned etter hendinga.

Gud til Abraham, Gud til Isak, Gud til Jakob.

Ikkje Gud til filosofane og dei lærde.

Visse! Visse! Kjensle, glede, fred.

Jesu-Kristi Gud.

Signa joll!

Stein Reinertsen

Biskop i Agder og Telemark



Amfiet er et viktig sted både for undervisning og sosial aktivitet.



Et meget smakfullt oppholdsrom i tilknytning til kantina og amfiet.

GVARV SKOLE:

AMFIET SKAPER HARMONI I SKOLEHVERDAGEN

Etter vinterferien i februar 2021 flyttet Sauherad barne- og ungdomsskole inn i helt nye lokaler, og ble til Gvarv skole. Offisiell åpning var 20. august. - Her det ikke så kompakt som i det gamle skolebygget, her er det langt mer luftig, sier rektor Tine Krilekval til Helsing. - Her er det mye lettere for personalet og elevene å være sammen, vi kan se hverandre hele tida.

Tekst og foto: Inar Solbu

Den nye skolen har lokaler for elevene fra 5. til 10. klassetrinn. 1. til 4. klasse er i skolebygget som ofte kalles Nes skole, men alt er i dag Gvarv skole. De to skolebygningene er bygd sammen, slik at man kan bevege seg innendørs i hele skolekomplekset. Skolen har ca. 360 elever og 66 ansatte. Også SFO (skolefritidsordningen) har fått bedre lokaler etter nybyggingen. Og PPT og

helsesykepleier har fått nye og bedre lokaler. Alle klassetrinn har direkte inngang. I nybygget er det 6 klasserom for mellomtrinnet i 1. etasje. Mellom to og to klasserom ligger det et grupperom, og avdelinga har to grupperom i tillegg. I 2. etasje er det tilsvarende romdeling for ungdomsskoletrinnet.

Også Midt-Telemark kulturskole har lokaler i det nye skolebygget. Og her er det vekselbruk: skolen bruker kulturskolens

lokaler på dagtid, og kulturskolen disponerer skolelokaler på ettermiddagen. Skolen har universell utforming, slik at barn og tilsatte med nedsatt funksjonsevne kan fungere optimalt. I tillegg til klasserom og grupperom har det nye skolebygget en rekke spesialrom; rom for naturfag, mat og helse, musikk, sløyd, tekstil og tegning, og kantine. Kroppsøving foregår fortsatt på samfunnshuset.

Og kanskje viktigst av alt: det store amfiet, som både kan brukes til undervisning i store grupper, og som mingleområde for elevene i friminuttene. Her kan elevene spise maten sin, enten den er medbrakt eller kjøpt i kantina. Det er alltid voksne tilstede, så elevene opplever at de er sett. - Også elevene på småskolen kan bruke amfiet, det er viktig at de også opplever at det er deres skole. Jeg opplever at amfiet skaper harmoni i skolehverdagen, sier rektor. Da Helsing besøkte skolen var det et seminar om medias rolle i samfunnet som fylte amfi.

Hvert klassetrinn har altså sin egen inngang. Der kommer de rett i garderobeskap, der hver elev har sitt låsbare garderobeskap. Inne i skolebygget brukes «innesko».

Personalet har fått langt bedre arbeidsforhold. Hver lærer har sin egen arbeidsplass, og det er delt opp etter klassetrinnene. Det var mye diskusjon i prosessen, men rektor Tine sier at alle i dag signaliserer at de er fornøyd.

Uteområdet har gjennomgått oppussing og fornyelse. - Nylig hadde vi studenter her fra USN, de mente at dette var det flotteste uteområde på skole som de hadde

sett. Vi har stor skolegård, til og med egen skog! På skolegården er det lekeapparater, egne områder for skating, klatring, fotball, volleyball og basketball. Eleven må være ute i de små friminuttene. Vi må lære oss til å fungere med det uteområdet vi har, og så får vi gjøre tilpasninger utfra den elevmassen vi til enhver tid har, sier Tine Kvilekval.

Det nye skolebygget skal ikke males eller beises, det skal gråne naturlig. Det nye bygget har en flate på ca. 5 000 kvadratmeter. Hele prosjektet, med bygging, rivning og oppgradering av uteområdet, har kostet ca. 185 millioner, og det er godt innenfor budsjett.

Skolebygget fra 1960-tallet er revet og borte. - Det var helt nødvendig. Taket lakk, og det måtte stå bøtter rundt i korridorene. Vannlekkasjer er vanskelig å finne, vannet søker sine egne veier. Hele bygget var vanskelig å vedlikeholde. Både voksne og barn sleit med dårlig luftkvalitet. Der var ingen gode arbeidsforhold for skolens personale. Med andre ord: det skolebygget ga ikke lengre optimale arbeidsforhold for hverken elever eller lærere. Men jeg vet at mange opplevde det vemodig at skolen måtte bort.

- For meg har valg av farger og utsmykning vært viktig. Jeg ønsket duse, rolige farger som skaper harmoni. Her er mye glass som skaper oversikt og trygghet. På dørene er det logoer og symboler som gjør det lett å finne fram, og som spiller pensum på klassetrinnet som «bor» der. Vi er på god vei til å leve oss inn i det nye bygget, men det tar tid. Fortsatt ser vi ting som mangler; et skap her og noen hyller der. Dette finner vi ut av. Vi nærmer oss 100 % innflyttet,

men det er et stykke til vi er der 120 %!

Skolen har også fått kunstnerisk utsmykning. - Det skal ved bygging av offentlig bygg alltid settes av penger i budsjettet til utsmykning. Her har flere kunstnere fått boltre seg. Noe kunst er gjennomgående, man finner samme uttrykk både i 1. og 2. etasje, men samtidig skal kunsten speile det punktet i livet der elevene befinner seg. I 1. etasjen, der mellomtrinnet holder til, står barna i kunsten tettere og der er flere voksne. I 2. etasje hos ungdomsskolen er det lengre avstand og færre voksne. Det sier noe om løsrivelse og selvstendiggjøring. I amfi er det et stort bilde malt av Morten Slettemeås, Gvarv-gutt som selv har gått på skolen her. Det er bildet av en fugl, kanskje noe om at skolen skal gi elevene luft under vingene på vei videre i utdanning og det voksne livet. Også de ulike kulturer skal speiles i utsmykningen, her går barn fra mange land og kulturer. Vi ønsker å være en inkluderende skole, sier rektor Tine Kvilekval.




Den nye skolen på Gvarv har fått fargerik kunstnerisk utsmykning. Denne utsmykningen svinger seg gjennom bygget.




Alle klassetrinn har direkte inngang, og alle elever har egne, låsbare garderobeskap.



I det nye skolebygget har alle lærerne fått egne arbeidsplasser.



Personalrommet.



Logoene på dørene er tydelige og informative.

GUD OG NATURVITENSKAPEN: MYTEN OM FIENDSKAP

Du finner den omtalt i bøker, du finner den i filmer, og du finner den i TV. Ja, selv i lærebøker på skolen. Og dessverre er det mange lærere som forteller om den. Den er så opplest og vedtatt at vi for lengst har sluttet å reagere. Jeg snakker om den store konflikten mellom Gud, kirken og troen på ene siden og naturvitenskapen på andre. Problemet er at det er en moderne myte.

Tekst: Tom Arne Møllerbråten

Svært mange mennesker i Norge tenker at naturvitenskapen har gjort Gud overflødig. Vi kan av og til få inntrykk av at naturvitenskapen har blitt vår nye Gud og vitenskapens menn og kvinner våre nye prester. Velger du å tro på vitenskapen, må du velge bort Gud. Eller som konfirmanter kanskje ville sagt det: Tror du på Adam og Eva eller på vitenskapen?

Hele 69 prosent av ikke-religiøse mennesker i Norge mener det er slik. Men visste du at bare fem prosent av aktive kirkegjengere mener det samme? I en stor undersøkelse blant 22 000 forskere mente bare et mindretall (10-35 prosent) at det var konflikt. Konflikthypotesen står sterkest blant ikke-religiøse som selv ikke er forskere. Interessant!

Professor i fysikk ved Universitetet i Oslo, Sverre Holm, har nylig kommet med en bok om emnet. Du har kanskje hørt stemmen hans i vitenskapsprogrammet



Abels tårn på P2 der fagfolk svarer på lytterspørsmål? Boken til Holm har fått den talende tittelen Den innbilte konflikten – om naturvitenskap og Gud. Boken er en grundig gjennomgang som viser hvor feil denne myten er.

Holm ser på både det historiske, det vitenskapelige og det filosofiske grunnlaget. Med sine over 330 sider er det nok en krevende bok å gå i gang med for mange, men de som gjør det, vil fort oppdage at den er godt og pedagogisk skrevet og lett å lese. Komplisert fagkunnskap vil alltid kreve noe av oss ulærde lesere, men Holm gjør det godt forståelig. Dette er en bra julegave til både religiøse og ikke-religiøse som er interessert i emnet, spør du meg.

I mars i år kunne vi i Abels tårn høre både Sverre Holm og partikkelfysiker Anders Kvellestad fortelle at de begge trodde på Gud og ikke så det som en konflikt med vitenskap, snarere tvert imot. På mange måter oppsiktsvekkende, fordi

det er så mange vitenskapsformidlere i Norge som flagger sin ateisme om dagen. På den annen side er på ingen måte oppsiktsvekkende, historisk sett, for Holm og Kvellestad står i en lang og god tradisjon med gudstroende vitenskapsfolk.

Visste du forresten at mannen som regnet ut at universet måtte ha en begynnelse, altså Big Bang, var prest? Hans navn var Georges-Henri Lemaître og han publiserte sine utregninger i 1927. For dette trodde vitenskapsfolk at universet ikke hadde noen begynnelse. Eller visste du at mannen som ledet den store kartleggingen av DNA i USA, Francis C. Collins, er en dypt troende kristen? I 2006 ga han ut en bok der han kaller DNAet for Guds språk (The Language of God). Vi kan ta et eksempel fra Norge også: Den norske professoren Peter Waage (1833-1900), som er en av opphavsmennene til den eneste naturloven norske forskere har formulert, hadde fått malt taket på kontoret sitt med teksten «Alt har Gud indrettet efter maal og tal og vegt». Sitatet er fra Bibelen.

I forordet skriver Holm: «Når jeg nå har en hel bok å boltre meg i, ønsker jeg å gi en bred og grundig begrunnelse for hvordan klassisk kristen tro kan gå sammen med

naturvitenskap». Litt senere fortsetter han: «Jeg synes troende kristne burde være blant de førende intellektuelle i vår tid, slik kirkefedrene var det i de første århundrene, eller noen av de forskerne som fremheves her, var det i sin tid.»

Sentralt i Holms tanke er at Gud har to bøker. Den første er naturen og skaperverket. Den andre er nådens bok, den spesielle åpenbaringen, altså Bibelen. Disse er ikke i konflikt, men utfyller hverandre. Derfor tar Holm et oppgjør både med dem som mener at vitenskapen alltid har rett og trumfer teologien, men også dem som mener at teologien alltid har rett og trumfer vitenskapen. Flere mellomposisjoner kritiserer han også. Mitt eget syn på teologi og vitenskap samsvarer med det utfyllende synet Holm står for.

La meg avslutte med et sitat Holm gjengir i sin bok av den engelske fysikeren og nobelprisvinneren Sir William Henry Bragg: «Noen ganger spør folk om religion og vitenskap ikke er det motsatte av hverandre. Det er de, på sammen måte som tommelen og fingrene på hendene mine står motsatt av hverandre. Det er en motsetning som er til for at den skal kunne gripe det hele.»

PERSONALNYTT PRESTETJENESTEN

Siden det er flere vakante prestestillinger i prostiet, har prost Asgeir Sele blitt nødt til å gjøre en omfordeling av vikarressursene. Tone Anne Hvalen, som siden august har vært vikar hos oss, blir fra 1. januar fungerende sokneprest i Holla og Helgen.

I den vakante kapellanstillinga i Sauherad og Nes og Bø, går Ivar Solbu inn i et vikariat i 100 % stilling, i første omgang for de fire første månedene av 2022.

KONFIRMANTJUBILEUM I SAUHERAD OG NES SOKN 2021

Samlet til jubileum søndag 17. oktober 2021. Siden det var umulig å feire jubileum høsten 2020 ble dette feiring av konfirmanter fra 1960 og 1961, og fra 1970 og 1971.

Foto: Ivar Solbu



Konfirmanter fra 1960, konfirmert i Sauherad kirke 21. august eller i Nes kyrkje 28. august.

Foran fra venstre: Bent Haugholt (Siljan) (S), Berit Solheim Elden (Oppegård) (N), Anna Andersen Ajer (Lunde) (N), Anne Berit Lauritzen Torstveit (Bø) (N), Ruth Solveig H Wendelborg Slaaen (Nordagutu) (S) og Helge Aarnes (Gvarv) (N).

Bak: Anund Sunde (Lunde) (S), Bjarne Kåsine (Gvarv) (N), Torstein Sannes (Gvarv) (N), Øystein Gravdal (Ulefoss) (N) og Gunnar Løkka (Klevarsida) (S).

Konfirmantjubileum



Konfirmanter fra 1961, konfirmert i Nes kyrkje 20. august og Sauherad kirke 27. august.

Foran fra venstre: Tordis Lindheimsmoen Skårdal (Gvarv) (N), Berit Malme Knoblock (Langesund) (N), Inger Bjørnson Tobro (Gvarv) (N), Bergit Røste Jensen (Stavern) (S), Gunnlaug Sørgaard Fjellstad (Hjuksebo) (S), Ingrid Tove Hjukse Søndergaard (Notodden) (S), Olaug Røste Mork (Notodden) (S) og Kari Tangen Amundsen (Bø) (S).

Bak: Nils Olav Haugen (Gvarv) (N), Helge Roar Darrud (Hørte) (N), Sigurd Jonsås Stavenes (Akkerhaugen) (S), Tormod Tresland (Gvarv) (N), Rolf Verpe (Hørte) (N) og Arne Langkaas (Hørte) (N).

Konfirmantjubiläum



Konfirmanter fra 1970, konfirmert i Sauherad kyrkje 24. mai eller i Nes kyrkje 31. mai.

Foran frå venstre: Maj-Britt Haugen Hegna (Bo) (S), Mariann Moen Ekmark (Oslo) (S), Tora Kaasa (Gvarv) (N), Reidun Åvik Billington Topland (Grimstad) (S), Gunnhild Torvik Bekkedal (Minnesund) (N), Gro Sigrunn Haugerud (Gvarv) (N), Vigdis Hartberg Buhagen (Krokstadelva) (S) og Ellen Tove Moen (Bo) (N).

2. rekke: Håvard Kaasa (Nordagutu) (S), Marit Askildt (Holtsås) (S), Aaste Roe Helgetveit (Prestfoss) (S), Gunn Anna Lauritzen Gåserud (Gvarv) (N), Asborg Storåsen Frydenlund (Gvarv) (N), Inger Grethe Norendal (Ulefoss) (N), Magnhild Dalen Bergem (Krokstadelva) (S) og Nils Kristian Bogen (Skien) (S).

Bak: Øistein Klever (Heddal) (S), Audun Østtveit (Bo) (N), Olav Terje Roe (Klevarsida) (S), Audun Rollev Grane (Gvarv) (N) og Kjell Sinnerud (Notodden) (S).

Konfirmantjubiläum



Konfirmanter fra 1971, konfirmert i Nes kyrkje 20. mai og Sauherad kirke 23. mai.

Foran fra venstre: Ingeborg Jorid Vale (Gvarv) (N), Tove Høgstad Rønningen (Åsgårdstrand) (S), Vigdis Haugen (Nordagutu) (S), Astrid Holtskog (Gvarv) (N), Inger Søvde (Gvarv) (N), Anne Marie Storli (Lysaker) (N), Torborg Dale Ripegutu (Nordagutu) (S) og Rønnaug Torvik (Bykle) (N).

2. rekke: Kari Ingeborg Schia Gaara (Bo) (S), Ruth Dalen Heia (Notodden) (S), Hans Bjørgulf Stavenes (Akkerhaugen) (S), Johannes Hegna (Bo) (S), Oddvar Aarnes (Gvarv) (N), Vivian Løvdal (Notodden) (S) og Gunn Torunn Furuvald Thorsen (Nordagutu) (S).

Bak: Svein Halvor Kåsin (Akkerhaugen) (S), Knut Olaf Haugen (Bo) (S), Tom Tharaldsen (Gvarv) (S), Odd Syvertsen (Gvarv) (S) og Vidar Hauge (Arendal) (N).

FORFATTAR LIV HOLTSKOG (1934 – 2014)

Liv Holtskog er ein av Norges fremste forfattarar innan sin sjanger; lyrikk. Ho skreiv i ei tidlaus form (som er) prega av natur, draumar, syner og lengsel.

Ho trekker lesaren langt ut i verda og i visjonar gjennom det heilt nære. Diktinga er prega av å skape bilete og god rytmikk. Det er nok derfor fleire komponistar brukar tekstane hennar i sine verk. Liv budde nesten heile sitt liv på Holtskog med fleire generasjonar rundt seg. Ho fekk fire born og skapte sjølv sitt eige arbeid nært knytt til heimen og med støtte av familien. Ho var mykje ute og gjekk, - naturen er nær knytt til hennar skaparkraft.

«Menneska mine»

Dei falder seg ut
menneska mine,
inne i meg
Lik dei blå åsane her
Som kronblad
små inst
så større, større
til dei tek all plass
og sprengjer seg ut

Frå diktsamlinga «Menneskebildet», 1981.

Fyrste diktsamlinga blei gitt ut i 1966 og etter det kom Liv Holtskog ut med nye utgjevinga kvart andre til tredje år. Ho gav ut 18 verk gjennom heile sitt vaksne liv. Nynorsk var hennar språk som naturleg var knytt til dialekten hennar.

Ho blir omtala som ein modernistisk forfatter og i ei tid da mange andre forfattarar skreiv på rim og om natur våga ho å lage si eiga form og ei eiga verd i si dikting. Ho var reiseglad og fekk fleire reisestipend. Ho reiste m.a. til Island, Egypt, Kina, Amerika, Kroatia, Irland og København for å hente inspirasjon. Ho hadde spesielle eigenskapar og skreiv bøker med dikting frå Egypt og Kina før ho reiste dit i røynda. Diktinga var ofte basert på syner og bilete i hugen hennar og ho kunne sjå framføre seg. Nokre av dikta henna kunne og starte som tonar, har ho sjølv fortald. Ikkje rart at komponistane ba om å få tonesette tekstane hennar. Gisle Kverndokk, Magnar Åm, Jon Jarle Haugen, Sigmund Groven og Henrik Ødegård er komponistar som har latt seg inspirere av Liv si dikting. Tekstane hennar er bruka til jubileumssongar, korverk, oratorium og kyrkjeresitasjonar og m.a. oppført av kor i Universitetets aula i Oslo.

Liv Holtskog var representert på Festspela i Vestfold i 1997 med dikt frå samlinga «Ferda frå Theben». Musikken blei komponert av Magnar Åm og blei framført av Det norske solistkor. Verket blei seinare framført fleire stader i Noreg. Det egyptiske konsulatet var til stades på

forestillinga hennar «Reisa til Theben» i Universitetets aula i Oslo og konsulatet inviterte henne seinare til Egypt. Denne forestillinga blei framført av kor og dansarar frå «Den norske opera».

På Ilios-festivalen i Harstad i 1997 blei «Heilt glad – heilt trist», ei musikalsk fortelling for barn, urframført med tonegjeving av Gisle Kverndokk.

Ho deltok på fleire matinear på Det norske teateret og leste gjerne opp dikta sin til både barn, ungdom og vaksne. Ho reiste rundt på turnear og skular over store delar av landet der ho las opp dikt og fortalte om arbeidet sitt om skrivande menneske. Dette var oppdrag som var ein del av arbeidet hennar. Ho var ei entusiastisk og engasjert forfattarinne som gjerne delte diktinga si vidt omkring. «Sursum musica» blei komponert i anledning 800-årsjubileet for middelalderkyrkjene i Nes og Sauherad i Telemark i 1991. Tekstane til Liv var grunnlaget for verket i regi av komponist Henrik Ødegård med blanda kor, strykarar, horn og fleire instrument.

Tekstane hennar er ofte visuelle og med få ord malar ho fram bilete, ofte med kontrastar som gir dikta meining eller at dei flyt ut, vidare - til ettertanke. Tekstane kan tolkast på fleire vis og har ofte fleire djubder. Døme: "Det er eg som må gå" frå diktsamlinga "Så kort ein sommar menneska har", 1979.

«Det er eg som må gå»

Eg ser eit gulkvitt ljøs
som ei kjegle
litt utflytande

Samlar seg
Har utstrekte armar
Stend still

Det er eg som må gå.

Ho måtte skrive, det var eit driv og ei trong ho hadde, seier dei som kjente ho godt. Det var hardt arbeid og kravde mykje av kunstnarsjela hennar. Ein stor del av diktinga ber preg av noko større enn ho sjølv og det me menneska er her på jorda. Ei slags undring og samanlikning av natur og sinn er noko av det flottaste og mest fantastiske med diktinga hennar. Det er ofte at tankane kan fare langt i det ho skildrar og som me kan oppleva heilt nært her me er om me ser og er til stades her og no. Det er også eit magisk og litt åndeleg preg over mange av dikta hennar. Med titlar som «Tvillingsjelars ferd», «Det ropar frå bae bredder» og «Held på å lære dei dødes språk» syner Liv at ho er ein diktar som bevegar seg i store sfærar slik store kunstnarar ofte gjer. Liv var kristen, religiøs og nokre av diktsamlingane hennes refererer til bibelen, tekstar derifrå, og kyrkja.

«Eitt auge vaker over meg»

Sorgsamt når eg har
gjort han noko vondt
Alvorleg ser auget
Ned på meg
Spør: Kva nå?

Er det dei har sett
dei som har måla
auge i kyrkjekvelvingen

Frå diktsamlinga «Så kort ein sommar menneska har», 1979

«Så kort ein sommar menneska har» frå samlinga ved same namn blei kåra til ein av «Folkets favoritter» i Dagbladet.no. Pressa skriv om samlinga hennar «Før vatn flør», utgjeven i 1976: «Liv Holtskog har skrevet en diktbok som bekrefter poesiens nødvendighet i en verden full av andre gjøremål. Hun bekrefter at sproget – ordene – når de er renset fra slagg og aggresjoner – kan åpne seg og flamme»

Odd Abrahamsen, Morgenbladet.

Aschehoug forlag og Ivar Havnevik gav i 1996 ut ei samling av dikta hennar i «Ein diktars heimland», Dikt i utval. Sonen hennar Halvor Holtskog er grafisk designar og har illustrert omslaget på denne samlinga og 3 andre av hennar bøkar. To av samlingane er og illustrert av Halvor.

Dottera Astrid Holtskog og Malgorzata M Sundberg på harpe framførte mange av tekstane hennar i musikalsk form som ei minneforestilling til ære for Liv etter hennar død. Astrid les og tekstane hennar i fleire anledningar. Fortsett blir det komponert ny musikk til diktinga hennar. Lungs vatnvegane i gamle Sauherad kommune er det satt opp grøne tavler med dikta hennar rundt om. Dette fekk ho sjølv oppleve før ho døde og ho satte stor pris på det. Dette er ein av måtane Liv er vidare med oss i si dikting og form. Liv fekk gjennom sitt liv mange oppdrag, stipend, reisestipend og ærefulle oppdrag. Ho fekk Sauherad kommune sin kulturpris i 1977 og Statens garantiinntekt for kunstnarar i mange år. Dette viser at Liv var ein diktar som blei verdsatt både lokalt og nasjonalt. Nokre av dikta henne er oversett til engelsk og kinesisk.

Kjelder

Referansar på nett:

Rotevatn, Audhild Gregoriusdotter.

Alkunne

Wikipedia, Store norske leksikon, Telemarksportalen.no/forfattere

Nasjonalbiblioteket.no

Muntlege kilder:

Halvor Holtskog, son. Astrid Holtskog, dotter. Gunnar Holtskog, ektefelle.

Litteratur:

Havnevik, Iver, red. (1996). Ein diktars heimland: dikt i utval. Oslo: Aschehoug. ISBN 8203177123



Foto: Signe Vreim Østveit

«Sauheradsongen» blei komponert til jubileet i år 2000 med tekst av Liv Holtskog og tonesett av Henrik Ødegård.

SAUHERADSONGEN:

Det gror så godt i sudvendt li
med grøde alle år.
Og bygda skin som vakkert tre
med greiner spila vidt ikring,
for barnet som ein himmelstol
med krona gylt i morgonsol.

Her budde folk frå eldste tid,
dei fanga ville dyr.
I vatnet blenkte laks og sik,
i skogen spela orren yr.
Nå finn me blanke gull og rav
I bronserøys og vikinggrav.

Her er så grøderikt eit liv
med mykje frukt og bær,
Og skaparkrefter løysest uti
i mjuke sinn og voksterjord.
Mitt Sauherad, eg takkar deg
for at du er ein heim for meg.

Når klokker ringer høgtid inn
og sinnet fell til ro
gjeng tankane til alle dei
som gav oss bygda, rik og god.
Nå er det opp til oss i lag
å skape barnas morgondag.

Liv Holtskog

EN KVELD I HÅPETS TEGN

Torsdag 11. november arrangerte misjonsutvalget i Sauherad og Nes soken misjonsbasar på Nes menighetshus. Andakten handlet om håp, og de ca. 20.000 kronene som kom inn kan skape håp for mennesker i Thailand.

Tekst og foto: Ivar Solbu

Tom Arne Møllerbråten holdt andakt. Han tok utgangspunkt i avslutningen av Kjærlighetens høysang i 1. Korinterbrev 13: Så blir de stående, disse tre: tro, håp og kjærlighet. Men størst blant dem er kjærligheten. De kristne blir til tider beskyldt for å ha håp for et liv utover dette. Er det en ødeleggende tanke i møte med hvordan vi skal leve vårt liv? spurte Tom Arne. Hvis det er slik blir jo sentrale spørsmål ganske uinteressante, som klimakrisen og fattigdomskrisen.

Ser vi på kirkehistorien så har de kristne nettopp gått inn i de krisene som har preget deres samtid. De kristne i Romerriket tok seg av de kritisk syke, også når det var fare for eget liv. Hva er det med de kristne, de går jo inn i katastrofen, ble det sagt. Tom Arne understreket at håpet skal leves ut i kjærlighet, fordi håpet begynner her og nå. Håpet gjør at vi skal

ta livet på alvor. Gud skapte jorda og vil den godt, derfor skal vi ta miljøkrisa på alvor. Gud har skapt alle mennesker, derfor skal vi ta alle menneskers nød og lidelse på alvor, sa Tom Arne Møllerbråten.

Anne Ripegut orienterte om misjonsarbeidet i Bangkok i Thailand.

Kvelden musikalske innslag var ved kantor Bruno Hageman. Han har for en tid tilbake kjøpt seg trekkspill. Men sa han, han hadde ikke fått tid til å øve. Ikke desto mindre akkompagnerte han forsamlingen i sangen: Han tek ikkje glansen av livet. Skal tro hvordan det blir når han får øvd?

Det var masse flotte gevinster. Og en god forsamling mennesker kjøpe årer i stort tempo. Siste åre-runde hadde én gevinst: et flott maleri som Arne Kleng Dahle hadde gitt. Totalt kom det inn like under 20.000 kroner!



Tom Arne Møllerbråten holdt andakt på misjonsbasaren.



Bruno Hageman med sitt nyinnkjøpte trekkspill. Nå han får tid til å øve kan dette bli riktig bra!



Dette bildet hadde Arne Kleng Dahle gitt til misjonsbasaren. Totalt kom det inn ca. 20.000 til misjonsprosjektet i Thailand.

FORMIDDAGSTREFF PÅ NES MENIGHETSHUS

Velkommen til Formiddagstreff på Nes menighetshus, vanligvis 2. og 4. tirsdag i måneden. Her serveres god mat, det er andakt, god tid til å prate sammen, og vi har et tema.

Tirsdag 4. januar kl. 11.00 til 14.00: FORMIDDAGSJULETREFEST. Gang rundt juletreet. Misjonær, pastor og misjonsleder Svein Jacobsen taler. Sang og musikk ved Hilde Norland Gunnarsen og Espen Gjelstad Gunnarsen. Åresalg.

Tirsdag 18. januar kl. 11.00 til 13.00: Advokat Lill Kristin Nilsen snakker om jus for eldre.

Tirsdag 8. februar kl. 11.00 til 13.00: Vokalist Anne Fagermo, godt assistert av Henrik Ødegaard, synger: What the world needs now is love. Slagere fra 60-tallet.

Tirsdag 22. februar kl. 11.00 til 13.00: Diakon Ivar Solbu forteller om mennesker som har vært med på å forme ham.

Tirsdag 8. mars kl. 11.00 til 13.00: Ordfører Siri Blickfeldt Dyrland: Ordføreren har ordet, på kvinnedagen!

Tirsdag 22. mars kl. 11.00 til 13.00: Tidligere prest i Bø Svein Magnar Skalvik: Ja, jeg tror på korsets gåte. Om korsets historikk og betydning. Lise Mette Møllerbråten og Bruno Hageman framfører sanger og salmer om korset.



Foto: Tom Arne Møllerbråten

ROMSJULSTONER I BØ KYRKJE

28. DESEMBER

Foto: Tom Arne Møllerbråten

Dette blir andre utgave av Romjulstoner etter fjorårets suksess tross de stramme koronarestriksjonene. I fjor ble det holdt konsert i både Sauherad kirke og Bø kyrkje, men i år blir konserten kun holdt i Bø kyrkje. Dette er en konsert for både barn og voksne, med en god blanding av julesalmer, gamle juleslagere, nyere julesanger, og noen originallåter skrevet av Johanne Møllerbråten. Noen av sangene er ikke nødvendigvis julesanger, men har et passende tema. Her får du høre alt fra Mitt hjerte alltid vanker og Deilig er jorden til Mary did you know og Stay with me (sistnevnte fra Netflix-serien Hjem til Jul). Alt dette fremført med fullt band. Konserten er arrangert av

Johanne Møllerbråten fra Gvarv og Sindre Bakkåker fra Bø, og med sin base i Oslo har de hentet med seg noen av sine beste musikere tilbake til bygda. Bandet består av Øystein Skjelstad Østensen på bass, Matias Christoffersen på keys, Morten Langemyr på gitar, Sindre Bakkåker på trommer, og Johanne Møllerbråten på vokal. I tillegg kan vi avsløre at det i år kommer en stryketrio med på laget for å virkelig sette stemningen i kirken. Så til alle som var på Romjulstoner i fjor; Det er ingen grunn til å ikke få med seg årets konsert. I fjor ble konserten noe begrenset med tanke på sitteplasser på grunn av covid, så i år håpes det på fullsatt kirke. La oss senke skuldrene sammen og lytte til romjulstonene.



Julekonserter i Nes kyrkje

Velkommen til nydelig julekonsert

med Midt-Telemark Soul Children og Midt-Telemark Soul Kids på selveste Luciadagen mandag 13.desember kl. 18. 00 i Nes kyrkje. Vi har med lokale musikere. Bjørn Lona på lyd. Gratis inngang.



Velkommen til stemningsfull julekonsert

med Kristian Ask, Janne M. Severinsen, Martin Ytreland, Ole Sønnik Larsen og Stian Omdal i mandag 20.desember kl. 19.00 i nydelige Nes kyrkje.

Vi spiller kjente og kjære julesanger, noen i helt ny drakt! Dette er en fin mulighet til å senke skuldrene før julen ringes inn. Varmt velkommen! Inngang 150/100 student (Vipps). Billettsalg i døra.



Fra julekonserten i desember 2016.
Foto: Anne-Inger Lunner




TILBOD TIL BARN OG UNGE I MIDT-TELEMARK

FRÅ KYRKJENE, SØNDAGSSKULEN, NORMISJON,
KRIK OG SPEIDEREN


TILBOD

KONTAKTPERSON

0-1 år Babysang sjå korskulen.no Torsdag (annakvar) 10.00-12.00, Bø bedehus	Grete H. Sele
0-100 år FamilieKRIK gymsal 1. søndag i månaden, gymsalen på Bø skule 16.30	Martin Ytreland
0-100 år FamilieKRIK FRI sjå fb: Familiekrim Bø Uteaktiviteter for heile familien, sjå fb-sida FamilieKRIK Bø	Anders Kristian Rønning
